Undertak, lekter og yttertekking er frå byggeår 2023. Takkonstruksjonen er tekt med torv som hovudtekking. Det har ikkje vore sikkerheitsforsvarleg å inspisere undertak, lekter og yttertekking på nært hald, og vurderinga er basert på visuell kontroll frå bakkenivå samt innvendige observasjonar. Det vart ikkje observert synlege teikn til skadar, svekkingar eller avvik som indikerer svikt i taktekkinga. Taket ser ut til å ha tilstrekkeleg helning for vald tekketype. Renner og nedløp framstår utan synlege avvik. Samla sett vurderast yttertekking og tilhøyrande konstruksjonar å vere i normal god stand ut frå alder og tilgjengeleg inspeksjonsgrunnlag.

## Merknader:

## 5. Loft

**TG 1** 5.1 Loft (konstruksjonsoppbygging)

Loftskonstruksjonen er frå byggeår 2023 og er ikkje innreidd i etterkant. Vurderinga er basert på tilgjengeleg innvendig inspeksjon. Det vart ikkje observert teikn til lekkasjar, fuktskjolder, kondens eller biologiske skadegjørarar i synlege delar av konstruksjonen. Eventuelle gjennomføringar framstår utan synlege avvik. Ventilering av yttertaket har ikkje vore mogleg å kontrollere visuelt, då konstruksjonen er lukka. Ut frå alder og tilgjengeleg inspeksjonsgrunnlag vert loftet vurdert å vere i normal god stand.

## Merknader:

## 6. Balkonger, verandaer og lignende

**TG 1** 6.1 Balkonger, verandaer og lignende

Delar av terrasse var dekkja med snø på synfaringsdagen. Som følgje av dette var det ikkje mogleg å kontrollere overflater og vedlikehaldsnivå. Konstruksjonen var heller ikkje tilgjengeleg for nærare kontroll. Vurderinga er difor basert på avgrensa observasjonar og det er lagt vekt på alder og tilgjengelige observasjonar. Rekkverk på balkong i 2. etasje har noko malingsflass.

På balkong i 2. etasje er terrassegolvet utført med 48×198 mm trykkimpregnert trevirke. Terrasseborda er lagt med eit spenn på om lag 1,20 meter mellom understøttingar. Det er ikkje framlagt eller funne dokumentasjon som stadfestar at vald dimensjon og spenn tilfredsstiller krav til stivheit og nedbøying for denne bruken. Løysinga vurderast difor å avvika frå vanleg praksis for terrassekonstruksjonar. Ved normal gange vart det registrert noko neybøying, men det vart og opplved som liten fare for brudd i konstruksjonen. Dekket bør ikkje påføre rest med tunge laster.

Elles framstår tilgjengelige konstruksjonar i normal stand på synfaringsdagen og vert vurdert til TG1.

## Merknader:

## 7. Våtrom

## 7.1 Bad

**TG 1** 7.1.1 Overflate vegger og himling

Himling og veggar på badet er utført med trepanel. Løysinga med trepanel på vegg i våtrom er i utgangspunktet ikkje rekna som godkjent overflate i våtsone. Det er installert dusjkabinett, som med dagens bruk i stor grad avgrensar direkte påkjenning frå bruksvatn mot veggoverflatene. Overflatene framstår elles utan synlege skadar på synfaringsdagen og basert på tilstanden til overflater vert det vurdert til TG1. Sjå utgreiing ang. tettesjikt i punkt 7.1.3 i denne rapporten.

Badet er ventilert med mekanisk avtrekksvifte. Det er ikkje påvist overluft via spalte/luftespalte under dør eller annan dokumentert lufttilførsel frå tilstøytande rom. Tilførsel av luft skjer via spalteventil i vindaug. Løysinga med lufttilførsel via vindaug kan fungere, men er meir avhengig av at ventilen vert halden open og at det er tilstrekkeleg trykkdifferanse. Manglande overluft frå andre rom kan medføre redusert luftutskifting, særleg ved lukka dør, og kan påverke fukttransport og tørking etter bruk av badet.

Det er ikkje utført målingar av luftmengder eller dokumentert at ventilasjonen tilfredsstiller gjeldande krav. Sjå punkt "10.5 Ventilasjon" for utgreiing.

## Merknader:

## EIERSKIFTERAPPORT™

**TG 2** 7.1.2 Overflate gulv

Overflater på gulv framstår i hovudsak i tilfredsstillende stand. Fall på gulv utanfor dusjsone vurderast som tilfredsstillende. Fall på gulv under dusjkabinett er ikkje mogleg å kontrollere. Ved synfaring er det registrert sprekk i silikonfuge i overgang mellom vegg og gulv i dusjsone. Årsak til sprekk er ikkje kjent. Det vert gjort merksam på at slik sprekk kan ha samanheng med setningar i konstruksjonen.

**Merknader:****TG 2** 7.1.3 Membran, tettesjikt og sluk

Membran er opplyst å vere frå 2023. Det er ikkje framlagt dokumentasjon på utføring av membran eller tettesjikt. Membran er visuelt observert i overgang mellom vegg og gulv.

Golv er belagt med fliser, medan vegg er utført med trepanel. Trepanel er ikkje godkjent materiale i våtsone. Det er per i dag nytta dusjkabinett. Det er ukjent om det er etablert membran bak trepanelet, og om eventuell membran er punktert i samband med innfesting av panel.

Vidare bruk av dusjkabinett vert anbefalt. Ved eventuell fjerning av dusjkabinett må våtsoner byggjast om i samsvar med gjeldande krav.

Det er registrert sprekk i silikonfuge i overgang vegg/golv i dusjsone. Tilstand på bakanforliggjande tettesjikt/membran i same område er ikkje dokumentert eller mogleg å kontrollere ved synfaring. Det er difor usikkert om membranen er uskadd, eller om det kan ha oppstått skadar eller sprekkar som følgje av setningar i konstruksjonen eller annan påverknad.

Som følgje av observasjonar er det ikkje utført hullboring. Dusjing i dusjkabinett med avløp direkte til sluk gjer at vegg og gulv ikkje er eksponert for fukt og det vil ikkje vera hensiktsmessig å utføre hullboring for og "friskmelde" våtrommet basert på fuktmålinga. Syner til tilstandsvurdering av membran og vidare bruk av våtrom.

**Merknader:****8. Kjøkken****8.1 Kjøkken****TG 1** 8.1 Kjøkken

Kjøkkeninnreiing frå IKEA med laminat benkeplate. Oppvaskkum i stål med eittgreps blandebatteri. Det er utført fuktmåling utan påviste avvik. Det er ikkje observert synlege teikn til lekkasje, fuktskadar eller unormal slitasje ved vassinstallasjonar eller avløp på synfaringsdagen. Golv og synlege overflater framstår utan knirk, skader eller fuktskjolder.

Kjøkkenventilator er etablert med kolfilter. Forholdet er nærare omtalt under punkt 10.5 Ventilasjon.

Vanninstallasjonar og avløp frå byggeår. Vurdert basert på visuell kontroll og fuktmåling, utan demontering eller inngrep. Framstår i normal stand.

**Merknader:****9. Rom under terreng****9.1 Kjellar****Ingen** 9.1.1 Veggene og himlingens overflater

Bygningsdelen eksisterer ikke.

**Merknader:****Ingen** 9.1.2 Gulvets overflate

Bygningsdelen eksisterer ikke.

**Merknader:****Ingen** 9.1.3 Fuktmåling og ventilasjon

## EIERSKIFTERAPPORT™

Bygningsdelen eksisterer ikke.

**Merknader:****10. VVS****TG 2** 10.1 WC og innvendige vann- og avløpsrør

Vatn- og avløpsinstallasjonar frå 2023.

Vassinstallasjonar er utført som rør-i-rør-system med vannkap plassert i utvendig bod. Vannkapet er utført med lekkasjesikring ut på golv som vert ført til sluk i golv. Anlegget er i hovudsak innebygd, og kontroll har vore avgrensa til synlege delar. Dokumentasjon er framlagt ved FDV. Bilete og dokumentasjon av utføring ol. er ikkje framlagt.

Avløpsrør er utført i plast. Avløpssystemet er i hovudsak innebygd og vanskeleg tilgjengeleg for kontroll utover det som er synleg.

Avløpslufting er løyst med luftventil på loft. Slike ventilar er avhengige av korrekt funksjon og kan over tid få redusert effekt som følgje av slitasje, tilsmussing eller feilmontering. Manglande eller redusert lufting kan føre til undertrykk i avløpssystemet. Ihht. TEK17 skal avløpslufting i hovudsak monterast over yttertak.

Det er installert innebygde sisterner på bad og toalettrom. Det er ikkje registrert spalte eller annan løysing for synleggjering av eventuell lekkasje frå innebygde sisterner. Dokumentasjon er framlagt ved FDV. Bilete og dokumentasjon av utføring ol. er ikkje framlagt.

**Merknader:****TG 1** 10.2 Varmtvannsbereder

OSO VVB frå 2023.

VVB er ikkje tilgjengeleg pga. utstyr og lausøyre på synfaringsdagen.

Beredar er lekkasjesikra med sluk i golv.

Basert på alder og tilgjengeleg informasjon er VVB vurdert til TG1.

**Merknader:****Ingen** 10.3 Vannbåren varme

Bygningsdelen eksisterer ikke.

**Merknader:****Ingen** 10.4 Varmesentraler

Bygningsdelen eksisterer ikke.

**Merknader:****TG 2** 10.5 Ventilasjon

Bustaden har i hovudsak naturleg ventilasjon via spalteventilar i vindauge. Det er etablert mekanisk avtrekksvifte på bad, som vert styrt manuelt via brytar. Det er ikkje kontinuerleg ventilasjon.

Det er ikkje krav om ventilasjonsanlegg i fritidsbustad. Det er likevel krav om tilstrekkeleg luftutveksling.

Funksjon og kapasitet på ventilasjonen er ikkje dokumentert, og det er ikkje utført måling av luftmengder.

På synfaringsdagen var det låg utetemperatur. Det vart registrert is på innsida av vindauge på soverom, noko som indikerer høg luftfuktigheit og avgrensa luftutskifting. Forholdet på synfaringsdagen vurderast å ha samanheng med høg bruk av hytta i forkant av synfaringa.

Kjøkkenventilator er av typen med kolfilter og fører ikkje avtrekksluft ut av bygningen. Dette gjer at fuktig luft ved matlaging ikkje vert trukke ut av bustaden. Det er vidare ikkje etablert spalte eller annan overluftsløysing mellom rom, noko som kan redusere luftutveksling i bustaden.

**Merknader:**

## EIERSKIFTERAPPORT™

**11. Elektrisk anlegg og samsvarserklæring****11.1 Elektrisk anlegg og samsvarserklæring**

Når det gjelder resultater fra det lokale el-tilsynet: Se eventuelt eiers egenerklæringsskjema.

Gjer merksam på at at underteikna ikkje har fagleg kompetanse innafor elektrofaget.

Det stilles strenge krav til kompetanse for kontroll av elektriske anlegg. Det anbefales på generelt grunnlag at registrert/autorisert elektroinstallatør/kontrollør foretar kontroll av heile det elektriske anlegget.

Kontroll bør utførast etter NEK405 for å få ein god oversikt på eventuelle feil og manglar som bør utbetrast.

Kontrollen bør utførast kvart 5.år. Underteikna har ikkje moglegheit til å kontrollera skjulte feil og manglar.

Elektrisk anlegg frå byggeår.

El. Anlegg: Ved visuell kontroll er det registrert at det manglar noko bedekning i sikringskap. Elles framstår sikringskap i normal stand. Sikringsskapa/sikringar er ikkje vidare undersøkt då dette krev ein autorisert fagperson.

Det vart ikkje registrert synlege teikn til varmgang eller termiske skadar.

Det er registrert at koplingsboks på taklampe på loft manglar lokk.

Heimelshavar opplyser:

- Det er ikkje registrert uregelmessig utløysing av sikringar.
- Det har ikkje vore tilløp til brann eller varmgang i anlegget.
- Det er ikkje registrert avvik rundt stikk, brytar, lampepunkt eller liknande.

Det er ikkje opplyst om det siste tilsyn frå Det Lokale Eltilsyn (DLE). (Ikkje utført på bustaden sidan byggeår)

Det er ikkje framlagt samsvarserklæring frå oppføringa av anlegget. Kravet om samsvarserklæring gjeld for alle elektriske anlegg etablert etter 1999, og for endringar på alle anlegg.

**Merknader:**

## EIERSKIFTERAPPORT™

## VÆR OPPMERKSOM PÅ:

Egenerklæringsskjema er levert i forbindelse med oppdraget.

Det er fremlagt godkjente tegninger av boligen.

Det er ingen avvik i forhold til rømming og romhøyde, ut ifra gjeldende forskrifter for da boligen/rommene ble byggemeldt.

Innvendige rekkverk og håndrekk er i henhold til gjeldende forskrifter når bygningsdelen ble byggesøkt.

## TILLEGGSOPPLYSNINGER:

## TILSTANDSGRADER:

Ved TG 2 og TG 3 skal det opplyst om årsak og konsekvens av avviket jfr. Forskrift til avhendingslova § 2-22. Dersom konsekvens ikke er beskrevet ved slike forhold er det underliggende tekst som gjeld: 'Meirskadar til andre bygningsdeler kan vera ein konsekvens av funna som er gjort.' Der konsekvens ikke er spesifikt omtalt, må ein rekne med at meirskadar til andre bygningsdeler kan oppstå som følge av dei registrerte avvika."

## TG2 – Merknad/moderat avvik

TG2 inneber ikke at det er akutte eller alvorlige skadar, men at det er forhold som på sikt kan medføre redusert levetid eller auka risiko for skadar dersom dei ikke vert følgt opp. For kjøper betyr dette at ein må rekne med vedlikehold eller utbetringar innan ein viss tidshorisont. I ytterste konsekvens kan manglande oppfølging føre til fuktskadar, svekka konstruksjon eller behov for meir omfattande tiltak enn dersom ein handlar tidleg.

## TG3 – Vesentleg avvik/alvorleg tilstand

TG3 tyder at det må påreknast utbetringar eller utskifting, og at tiltak bør gjennomførast innan kort tid for å hindre vidare skadeutvikling. Dersom slike forhold ikke vert handtert, kan det i ytterste konsekvens føre til alvorleg forringing av bygningen, større økonomiske kostnader, eller i enkelte tilfelle sikkerhetsmessig risiko.

## BRANN:

Røykvarslar: Alle bustader skal ha brannalarmanlegg eller røykvarslar. Kravet er minimum éin i kvar etasje, men det kan med fordel monterast fleire. Røykvarslar skal plasserast i himling og i etasjen sitt best eigna område for oppdaging og varsling om brann.

Slukkeutstyr: Alle bustader skal ha slukkeutstyr som husbrannslange eller brannslukningsapparat med skum eller pulver. Dersom skumapparat er einaste slukkeutstyr, må det vere på minimum 6 liter. Dersom pulverapparat er einaste slukkeutstyr, må det vere på minimum 6 kilo. Eit slukkeutstyr i kvar etasje vert anbefalt.

## ANBEFALTE YTTERLIGERE UNDERSØKELSER:

| TAKSTMANNENS VURDERING VED TG2: |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|---------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 3.1                             | Vinduer og ytterdører                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|                                 | <p>Risiko:<br/>Manglande blikkeslag på vannbord kan føre til at nedbør og smeltevatn vert leidd inn mot trekonstruksjonar rundt vindauge.</p> <p>Konsekvens:<br/>Over tid kan dette medføre fuktskadar på vannbord, omramming og tilstøytande veggkonstruksjonar, med behov for utbetring.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| 7.1.2                           | Bad Overflate gulv                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|                                 | <p>Risiko:<br/>Det er registrert sprekk i silikonfuge i overgang vegg/golv i dusjsone. Tilstand på bakforliggende tettesjikt/membran i same område er ikke dokumentert eller mogleg å kontrollere ved synfaring. Det er difor usikkert om membranen er uskadd, eller om det kan ha oppstått skade/sprekker som følgje av setningar i konstruksjonen eller annan påverknad. I tillegg er fall under dusjkabinett ikke kontrollert, og funksjon (vatnleing mot sluk) i dette området er difor ukjent.</p> <p>Konsekvens:<br/>Dersom det er skade på membran eller uheldig fall, kan dette over tid medføre fuktbelastning i golv-/veggkonstruksjon med påfølgjande fuktskadar. Eventuelle utbetringar kan krevja demontering av dusjkabinett og lokale utbetringar i overflater/tettesjikt.</p> |

## EIERSKIFTERAPPORT™

|       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|-------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 7.1.3 | Bad Membran, tettesjiktet og sluk                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|       | <p>Risiko:<br/>Manglande dokumentasjon av membran og tettesjikt, samt bruk av trepanel i våtsone, medfører risiko for at eventuell fuktinntrenging ikkje vert oppdaga på eit tidleg stadium. Sprekk i silikonfuge i overgang vegg/golv i dusjsone kan føre til vassinntrenging mot bakanforliggjande konstruksjonar. Det er vidare risiko for at membran bak panel er punktert i samband med innfesting, eller har teke skade som følge av setningar eller annan påverknad.</p> <p>Konsekvens:<br/>Fuktpåverknad over tid kan medføre skadar på bakanforliggjande konstruksjonar, med behov for utbetring eller ombygging av våtsoner. Ved eventuell fjerning av dusjkabinett utan samtidig ombygging i samsvar med gjeldande krav, kan det oppstå lekkasjar og fuktskadar med påfølgjande kostnader.</p> |
| 10.1  | WC og innvendige vann- og avløpsrør                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|       | <p>Risiko:<br/>Manglande spalte for synleggjering av lekkasje ved innebygde sisterner aukar risiko for skjult vannlekkasje.<br/>Innvendig lufteventil til avløpslufting er avhengige av korrekt funksjon og kan over tid få redusert effekt som følge av slitasje, tilsmussing eller feilmontering.</p> <p>Konsekvens:<br/>Uoppdaga lekkasjar kan føre til fuktskadar på bakanforliggjande konstruksjonar med behov for omfattande utbetringar. Eventuelle feil ved innebygde sisterner kan medføre inngrep i veggkonstruksjonar for reparasjon. Manglande eller redusert lufting kan føre til undertrykk i avløpssystemet, fuktigheit og lukt. Ihht. TEK17 skal avløpslufting i hovudsak monterast over yttertak.</p>                                                                                    |
| 10.5  | Ventilasjon                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|       | <p>Risiko:<br/>Avgrensa og udokumentert luftutveksling kan føre til opphoping av fukt i innelufta, særleg ved høg bruk av fritidsbustaden. Manglande kontinuerleg avtrekk, kombinert med kjøkkenventilator med kolfilter og manglande overluft mellom rom, aukar risiko for utilstrekkeleg ventilasjon. Naturleg ventilasjon via spalteventilar er avhengig av brukaråtfærd og klimatiske forhold.</p> <p>Konsekvens:<br/>Forhøga fuktbelastning kan over tid medføre kondens på kalde flater, som observert på innsida av vindauge, samt auka risiko for fuktskadar, muggvekst og redusert inneklima. Dersom luftutskiftinga ikkje vert betra, kan det oppstå behov for tiltak for å sikre tilfredsstillande ventilasjon og fuktkontroll.</p>                                                            |